

MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Dato	21/09/2023
Vår referanse	2023/70057-6
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Robert Stormark
E-post	Robert.Stormark@vlfk.no
Telefon	40478898

Oversending av kostnadsoverslag for arkeologisk registrering - arealoverføring - gnr. 6 bnr. 10 - Masfjorden kommune

Viser til brev datert 07.08.2023 med søknad om dispensasjon i ovanfor nemnde sak, og vårt fråsegn av 12.09.2023, der vi varslar om trong for arkeologisk registrering for å avklare potensiell konflikt mellom kulturminne og tiltak. Kostnadsoverslag for den arkeologiske registreringa vert med dette oversend.

Kostnadsoverslag for arkeologisk registrering

Det vedlagte kostnadsoverslaget er utarbeidd etter Klima- og miljødepartementet sine retningslinjer. I medhald av §§ 9 og 10 i kulturminnelova, må kostnadene ved registreringa dekkast av tiltakshavar. Endeleg plan for gjennomføring av registreringa og rapportering vert satt opp når vi har motteke signert akseptskjema, sjå vedlegg.

Registreringsmetode

Det blir nytta fleire metodar ved registrering. Kva metode som er vald, er avhengig av topografi og kva type kulturminne vi reknar med å påvise. Med dei ulike metodane kan det lokaliserast kulturminne med eller utan synlege spor på markoverflata. Ved registreringa skal vi nytte metoden prøvestikking.

Ved prøvestikking grev vi prøveruter for hand på om lag 40x40 cm ned til funntom undergrunn. Jordmassane blir oftast sålda i vatn i 4 mm såld for å fange opp eventuelle funngjenstandar.

Førhistoriske strukturar og funn, samt prøvestikk vert dokumentert ved planteikning, foto og innmålt digitalt med CPOS/GPS. Etter feltarbeidet blir metode og resultat frå registreringa systematisert og samanfatta i ein rapport som vert send til tiltakshavar. Kartfiler som viser automatisk freda kulturminne kan sendast før den endelege rapporten er ferdig dersom det er ynskjeleg.

Omfang av den arkeologiske registreringa

Det er i denne saka budsjettert med to personar i felt i inntil tre dagar, inklusive reise til og frå oppdraget, og inntil seks dagar til førebuing, rapportarbeid og oppfølging, for ein person. I tillegg kjem inntil ein stk. 14C-prøve i fall det blir påvist relevant dateringsmateriale. Katalogisering av eventuelle gjenstandsfunn blir utført av Universitetsmuseet i Bergen.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Robert Stormark
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1** **Prosjektplan gnr 6 bnr 10, masfjorden**
- 2** **Akseptskjema gnr 6 bnr 10, Masfjorden**
- 3** **Arkeologisk registrering kostnadsoverslag**

Kopi til:

ENTREPRENØR ANSGAR BIRKELAND AS Reknes Masfjordvegen 105 5986 HOSTELAND